



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.

Til stades	Medlem Samarbeidsutvalet.	Til stades	Vara medlem (møter berre etter nærare avtale).
	Berit Bruvoll	x	Ida Nordahl
x	Eva Abelsen		Remi Rognaldsen
x	Janne Kari Eknes		Bjørghild O. Spjell
x	Margunn Dale Skauge		Reidun B. Skauge
	Vetlemøy Wergeland		Irene Hodneland
x	Torill Myhre		Nina Hodneland
x	Nils Kvalvågnes		Kristine Lunde
	<b>Elevrådet:</b>		
x	Magnus Holsen		Razvan Popovici
	Linnea Tofting		Ina A. Vabø
	<b>Medlem Skulemiljøutvalet</b>		
x	Steinar Kleiven		Ørjan Tvedt
x	Martine H. Mæhle		Andre Kleiven

**Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.**

Tysdag 26.01.16 kl. 18.00 - kl. rom 3

**Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.**

**SAKER**

**1. Meldingar/referatsaker.**

**Referat frå elevrådsmøte:**

Magnus og Martine orienterte om saker elevrådet har arbeidd med sidan sist: I elevrådsmøte 21. januar var følgjande saker oppe: Godkjenning av referatet frå møtet 26.11.15, kakebokssalet der kr 5100,- er sendt til Redd Barna sitt arbeid for å hjelpe flyktingane, Aktivitetskalendaren for vårsemesteret, Trivsels- og ordensreglane for skulen og handlingsplan for trafikksikring. Grunna sjukdom vart ikkje referatet klart til dette møtet.



### **Referat frå foreldreråds og FAU-møte.**

FAU har ikkje hatt møte sidan sist møte i SU/SKMU.

## **SAKER**

### **2. Meldingar/referatsaker.**

#### ***Utkast til handlingsplan for trafikktryggleik.***

I samband med at Lindås kommune søker om å bli godkjend som «Trafikksikker kommune» skal alle skulane ha eigne planar for trafikkopplæring og trafikksikring. Så langt er det gjennomført ei intern kartlegging av kva opplæring som vert gjeve innanfor temaet og kva som står att å gjera. Denne informasjonen er samla i førsteutkastet til «Handlingsplan for trafikktryggleik» for Myking skule og denne er sendt inn til einingsleiar og kommunen sin trafikktryggleikskordinator – Gunn-Torhild Ramslien i arbeidsgruppa for «Trafikksikker kommune». Ein ventar no på tilbakemelding på om planen kan få status «godkjend så langt». Vidare skal planen handsamast i skulen sine råd og utval og bli vurdert og «rullert» som del av skulen sin verksemdsplan.

#### ***Brukarundersøkingane for elevar, foreldre og lærarar – svarprosent***

Brukarundersøkingane: Elevundersøkelsen, Foreldreundersøkelsen og Lærarundersøkelsen er no avslutta. Svarprosenten for Foreldreundersøkelsen har gått kraftig opp etter FAU sin Facebook aksjon medan Elev- og læraundersøkelsen sin svarprosent har gått ned.

#### ***Nasjonale faglege retningsliner for mat og måltider i skulen.***

Helsedirektoratet har utarbeidd nasjonale faglege retningsliner for mat og måltider i barneskular og SFO.

Desse er tilgjengelege på heimesida deira:

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen/seksjon?Tittel=del-1-mat-og-4541>

### **3. Innspel til kommunal trafikksikringsplan**

Kommunen har starta arbeid med å revidera «Kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022» I samband med det ønskjer ein innspel til handlingsplanen som er eit kapittel i planen. Frist for å sende innspel er 31.1.16.

Det blir bede om innspel om trafikkfarlege stader skulane er opptekne av. Sjå elles informasjonen om «[innspel til plan om trafikksikring](#)» på heimesida til Kommunen.



VEDTAK:

SU/SKMU ved Myking skule syner til tidlegare innspel frå Mykingkrinsen i vedlegg til møtet:

Frå Myking bygdelag m.fl 2009:» **Innspel til Kommunedelplan for trafikksikring**».

SU/SKMU rår elles til at følgjande trafikksikringstiltak i Mykingkrinsen vert innarbeidd i kommunen sin plan for trafikksikringstiltak i komande periode:

1. Følgjande tiltak elles bør prioriterast:
2. Det er viktig at born får mosjon. Å gå og sykla til skulen er godt for helse og læring. Viktig å etablera gang og sykkelveggar som og kan nyttast av alle heile døgeret. Fri skuleskyss for elevar med farleg skuleveg løyser eit problem men skapar nye.
3. Gang- og sykkelveg: Gjera ferdig gang og sykkelveg til Jordal/Bjørnevoll.
4. Skifta ut gatelys som er dyre i drift med ny teknologi. Då kan ein få råd til fleire lyspunkt. Lys ved alle busstoppa.
5. Lågare fartsgrense frå Jordal til Myking til gangvegen er ferdig. Nedsett fart i området Myking, Skauge og til Vabø.
6. Busskur på andre sida ved Fjellsende og på andre sida av vegen ved Hodneland karosseri.
7. Kommunen må syta for samordna utbyggingar - som t.d. utbygging av vassforsyning/-avløp/fiberkabel og liknande ved å leggja traseane slik at dei kan nyttast til gang/sykkelveg og turveggar. Staten gjev også ofte tilskot til dette.
8. Fjerning av kant vegetasjon x antal meter for å få betra sikt.

+ Innspel frå FAU sjå vedlegget.

Frå Myking bygdelag m.fl 2009: **Innspel til Kommunedelplan for trafikksikring**.

Frå Samarbeidsutvalet ved Myking skule 2009: Uttale til revisjon av trafikksikringsplanen

VEDLEGG:

Innspel frå FAU ved Myking skule til trafikksikringsplanen 2010-2022:

Lindås Kommune  
Teknisk Drift  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Myking 26.01.2016



### Innspel til plan om trafikksikring – Frå FAU Myking Skule

FAU Ynskjer at barna som bur i Myking skulekrins skal ha moglegheit til å sykle og gå til skulen.

Dette er i dag ikkje trygt, då bilar køyrer for fort gjennom bygdene, vegen er smal, og det er lite veglys.

Fleire foreldre synes det er utrygt å la borna gå /sykle til skulen, og i tillegg utrygt å la borna stå ved busstoppen, særleg gjeldt dette dei minste borna.

#### **1. Nedsatt fartsgrense på skulevegen**

Nedsett fart på **FV399** mellom Myking og Fjellsende. FAU ynskjer at fartsgrensa skal settast ned til 50 km/t på heile strekninga. I tillegg ønskjer me 30 sone ved Fjellsende, Skauge, Sletten og ved Nævdal.

Nedsatt fart på **FV 397** mellom Myking og Natås – 50 km/t og 30 km/t ved husene på Natås og Hodnekvam.

Ynskjer og at 30 soner byrjer med fartsdump.

#### **2. Gangveg:**

For dei borna som ikkje har rett på buss, er det naudsynt å utbedra vegen med gangveg.

-Særleg gjeld dette på FV399 mot Skauge der vegen er svært smal og trafikkarleg.

#### **3. Lyktestolpar.**

Ønskjer at kommunen set opp lyktestolper ved alle busstoppa i krinsen – då dette vil gjera borna meir synleg, og vegen vert meir oversiktleg.

Mvh FAU Myking

### VEDLEGG II

**Lindås Kommune**  
**Teknisk drift**  
**Kvernhusmyrane 20**  
**5914 ISDALSTØ**

Myking 21.11.2009

### Innspel til Kommunedelplan for trafikksikring.

Myking Bygdelag, Trivselsgrenda oppfordrar Lindås Kommune til at det kan verta gjort eit politisk prinsippvedtak for administrasjonen, der dei mjukaste av dei mjuke trafikantane, nemelig skuleborna, skal prioriterast når det gjeld trafikksikring i framtida, uansett kvar dei måtte bu i kommunen.

#### **Prioritet 1.**



**LINDÅS KOMMUNE**  
**Myking skule**

FV399 mellom Myking og Skauge: Eilert Eriksen har på vegne av bygda jobba med å få denne vegstrekninga vedlikeholdt og utbedra sidan 2006. Syner til vedlagte dokumenter. Strekninga, som omfattar 4 km grensa til Myking Skule, er *spesielt* smal, uoversiktlig og direkte trafikkfarlig. Her må noko gjerast snarast *før* det skjer ei ulykka !!

**Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda ynskjer denne strekninga oppgradert med gangsti, samt at Lindås Kommune snarast gir dei skuleborna som må nytta denne vegen til skule, gratis skyss inntil vegstrekninga er trygg å ferdast på.**

**Prioritet 2.**

For ei tid tilbake vart det lagt ned ein stk fartsdemper ved skulen.

**Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda meiner at dette er for lite. Minst ein til, mellom butikken og skulen, må på plass.**

**Prioritet 3.**

FV397 mellom Myking og Jordal: Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda er svært glad for samarbeidet med Lindås Kommune for å få til gangsti langs denne vegen.

Gangstien har kun grusdekke, manglar fysisk skjerming til vegbana, samt veglys.

**Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda ynskjer at gangstien vert forlenga til 4 km grensa frå skulen, blir asfaltert og får fysiske skjerming til vegbana, samt veglys.**

**Som midlertidig tiltak ynskjer me at fartgrensa vert satt ned i tidsrommet borna går til/frå skulen !!(08-09 & 14.30-15.30)**

**Prioritet 4.**

FV397 mellom Myking og Hodnekvam:

**Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda ynskjer gangsti til 4 km grensa frå skulen.**

**Som midlertidig tiltak ynskjer me at fartgrensa vert satt ned i tidsrommet borna går til/frå skulen !! (08-09 & 14.30-15.30)**

**Mindre, men viktige tiltak:** Vegen ned Hellebrekka mot Myking kaien er smal og har busetnad kloss i vegen. Spesielt om våren og sommaren er det stor trafikk pga sjøen.

**Myking Bygdelaag, Trivselsgrenda ynskjer skilt med "køyr sakte" tekst i Hellebrekka ned mot Myking kaien.**

#### **4. Revisjon av skulen sine trivsels og ordensreglar.**

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule gjorde i møte 17. september - sak 3. følgjande vedtak:

**«Trivsels- og ordensreglane til skulen vert sendt på høyring til skulen sine råd og utval og til kommunen med uttalefrist 15. januar 2016.»**

Elevrådet vert bede om å samordna innspela frå klasseråda.

Innspel til revisjonen av ordensreglane skal sendast Myking skule v/ rektor.

Så langt er trivsels og ordensreglementet handsama administrativt og endringar er merka med gult i vedlagt framlegg. Elevrådet og FAU vil presentera sine evt. framlegg til endringar i møtet.



**LINDÅS KOMMUNE**  
**Myking skule**

Reglementet skal utarbeidd innanfor den kommunale forskrifta om ordensreglement for grunnskulen i Lindås og handsamast i Samarbeids- og Skulemiljøutvalet ved Myking skule. Reglementet vert og vurderast årleg av skulen sine rådsorgan og evt. innspel til endringar handsamast av SU/SKMU samt ha kommunen si godkjenning.

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule gjorde i møte 17. september - sak 3. følgjande vedtak:

**«Trivsels- og ordensreglane til skulen vert sendt på høyring til skulen sine råd og utval og til kommunen med uttalefrist 15. januar 2016.»**

Dei innkomne endringsframlegga vart presentert for SU/SKMU i møtet 26.01.16 og SU/SKMU sine framlegg til endringar er merka med gult i framlegget under. Framlegget vert å oversenda kommunen for endeleg godkjenning.

**VEDTAK:**

*Framlegg til trivsels- og ordensreglement for Myking skule for perioden 20016-20.*

## **PEDAGOGISK PLATTFORM FOR MYKING SKULE**

### **SAMAN OM SKULEN**

**- Samarbeid, trivsel, medansvar**

Dette vil vi oppnå ved å:

1. Fremja eit godt samarbeid på alle nivå
2. Skapa trivsel ved å leggja vekt på eit positivt skulemiljø gjennom ulike aktivitetar, - der alle har ei kjensle av å lukkast
- 3 Fremja medansvar ved at elevane får medansvar for:
  - eiga læring
  - kvarandre
  - skulen



**ORD OM TRIVSEL OG VENSKAP**

- Vera snille med kvarandre
- Leika saman, og seia ja når nokon spør om å få vera med
- Hjelpa og trøysta dei som har det vondt
- Ikkje banna eller snakka stygt om andre
- Ikkje spenna, slå, erta, plaga eller mobba andre
- Respektera kvarandre.
- Prøva og gjera andre glade

**”GJER MOT ANDRE DET DU VIL AT ANDRE SKAL GJERA MOT DEG”**



## MYKING SKULE SITT ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENT.

Reglementet er utarbeidd innanfor den kommunale forskrifta om ordensreglement for grunnskulen i Lindås og er vedteke av Samarbeids- og Skulemiljøutvalet ved Myking skule 21.01 2016. Reglementet skal vurderast årleg av skulen sine rådsorgan og innspel til endringar handsamast av SU/SKMU samt ha kommunen si godkjenning.

Kvifor me må ha reglar for kva som er god orden og åtferd:

For at vi alle skal få eit triveleg arbeidsmiljø med gode samarbeidsformer, treng vi reglar for orden og åtferd som alle må retta seg etter. Vi minner om at på skulen er lærarane elevane sine føresette.

Og fordi Forskrifta til Opplæringslova seier at: *Det skal og være kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd.*

**Reglane gjeld på skulen og på veg til og frå skulen.**

1

### **EG TEK ANSVAR FOR**

- Å syna god framferd ovanfor medelevar og skulepersonalet.
- Å vera slik at alle får arbeidsro i timane.
- Å ta vare på skulesaker som eg får utlevert og ha med med nødvendige skulesaker kvar dag.
- Å vera med å skapa trivsel i skulekvardagen.
- Å halda god orden i skulebygget og uteområdet, og syta for at ikkje noko vert øydelagt.
- Å melda frå til kontaktlærer eller rektor om eg er uheldig å skada noko

2

### **PÅ SKULEN:**

- Plagar og mobbar vi ikkje kvarandre
- Bannar vi ikkje
- Er vi høflege, snakkar fint til og om kvarandre.
- Bør me som oftast ha med sunn skulemat og drikke.
- Brukar vi ikkje snop og tyggis.

3

### **FRIMINUTTA**

- I friminutta er vi ute. Og held oss innanfor skulen sitt område
- Dersom vi treng å vera inne, eller gå utanfor skuleområdet, må vi spørja om lov.
- Toaletta er ikkje opphaldsrom for elevane.
- Datamaskinene brukar me berre etter avtale
- Vi driv ikkje med leik som er farleg for oss sjølve eller andre, som t.d snøballkasting.
- Sykkelen set vi på sykkelplassen om morgonen, og brukar han ikkje i friminutta.





4	<p><u>PÅ SKULEVEGEN HUGSAR VI</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• At vi følger trafikk-reglane</li><li>• At vi som sykklar utan vaksenfølgje til skulen helst må vera fylt 10 år ( 4. Klasse) og at vi brukar sykkelhjelm.</li><li>• Vi som tek buss til skulen, nyttar alltid bilbeltet, syner fin framferd, og viser respekt for dei andre på bussen.</li><li>• Har med busskortet.</li><li>• At vi ikkje mobbar og plager andre-</li></ul>
5	<p><u>VI TRENG MELDING HEIMANFRÅ DERSOM ELEVAR:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Er borte frå skulen (melding om morgonen)</li><li>• Har vore borte frå skulen (i meldingsboka, sms eller e-post).</li><li>• Må ha fri frå skulen (i meldingsboka – eller søknad i brev om det gjeld meir enn to dagar).</li><li>• Treng vera inne i friminutta.</li><li>• Skal ha fri frå kroppsøving/ikkje dusja (om dette er avtala med heimane).</li><li>• Må ha med mobiltelefon (berre avgrensa periode).</li><li>• Treng medisineriing i skuletida (avtale på eige skjema).</li></ul>
6	<p><u>BROT PÅ ORDENSREGLANE KAN FØRA TIL:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vi kan få melding med heim</li><li>• Samtale med kontaktlærer/rektor</li><li>• Vi kan verta bortvist frå skulen for resten av skuledagen</li><li>• Ikkje få reisa med skulebussen for ein periode.</li></ul> <p>- alt dette berre etter nærare avtale med heimen</p> <p>*</p> <p>Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.</p>

Myking skule 04.02.16

Nils Kvalvågnes  
Ref.

Kopi: Einingsleiar

